

Vossen vîr gitt i Norge
Vossen vîr gitt i Norge

(var vi så prekkige?)
105167

Det heiter at siger tilslører verkelegheita mens nederlag bringer dei faktiske hendingane – og årsakene – opp i dagen. Det mest kompliserande når det gjeld krigen i 1940 og okkupasjonstida er at først tapte vi – og kapitulerte – men fem år seinare «sigrar» vi, det vil seie at den folkevalde London-regjeringa og det store folkefleirtalet i Norge enda på sigerherresida, utan at Norge stats- og folkerettsleg var krigførende.

SVEIN BLINDHEIM

Etter nederlaget i 1940 byrja folk å sökje etter årsakene til fadesen, og å tilpasse seg tysk siger i den vesteuropæiske krigen vi var blitt manipulert inn i. Ved kapitulasjonen lova praktisk talt heile offiserskorpsset (dei krigsskule- eller tilsvarende deudtanna offiserane; heretter kalla k-offiserskorpsset. Majoritten av reserveoffiserar av fleire kategoriar, dvs. det store fleirtalet befat, slapp å underskrive åresordlovnad) at dei ikkje skulle slåst meir i den pågåande krigen mot Tyskland. Dei same offiserane hadde avlagt truskapsid til kongen. Heidersmenn kan bli schizofrene av mindre.

Svært mange fann sysselsetting med å avvikle vår norske krigsmakt, i luftvernet, i arbeidsstenesta – som var starta og anbefalt av offiserar som heldt seg utanfor NS – i politiet, osb. (sjå t.d. statskalendaren frå 1942). Det er sjølvmotseende å hevde at fedrelandet var i krig mens offiserskorpsset som skulle føre og leie krigen var sysselsett i legio andre statsetatar enn hæren og marinen. M.a. var mange opptatt med å avvikle den krigsmakt dei i tilfelle skulle føre krigen med. Ein god del offiserar byrja å studere, eller gikk

Boker
1940-1945 3/2 >c

over i privat verksemd, no ein offiserskarriere, etter alle solemerke å dømme var utelukka.

Kva London-regjeringa tenkte og gjorde dette første året etter kapitulasjonen, er ei anna sak. Men statsrettsleg kunne ho ikkje binde Norge. Då regjeringa og kong Haakon etter sterkt britisk press evakuerte til Storbritannia, følgde knapt ei handfull offiserar med. General Fleischer fekk ikkje eingong adjutanten sin med. Slik forspilte ein generalstabsløytnant karrieren sin. Men det visste ingen i Tromsø juni 1940 då «Tyskland sigrar på alle frontar». Ein god del offiserar var utanlands, t.d. i Sverige, Finland, Storbritannia, USA osb. og slutta seg med tid og stunder til London-regjeringa. Det var og enkelte utanlands av k-kategorien som forespurde i London om det var bruk for dei der om det var slik at Norge var i krig, men som fekk negativt svar. Ein vende heimatt, hamna i den arbeidstenesta som framifra offiserar oppfordra til etter kapitulasjonen, for i neste omgang å melde seg frivillig til korstoget mot bolsjevismen.

Det eg vil ha fram er at det er fleire premiss – og faktiske forhold – som manglar i verket, som jo har hovudtitelen NORGE I KRIG.

★★★

Endå litt meir generelt omkring NORGE I KRIG i høve av at åttebindsverket med HOLDNINGSKAMP har tilbakelagt halve vegen. Hovudinntrykket er då at det er i meste laget «Look to Norway», «Vi heldt, trass i alt ut lenger enn sjølvaste Frankrike», «I Narvik påførte vi tyskarane deira første nederlag i

Andre verdskrigen», o.l. At Norge åleine hadde fleire soldatar i Narvik enn general Dietl, fann eg lite om i bind I. Det er altso få revisjonstendensar i verket, sjølv om bind I hadde tilløp til ei slags om-heroisering.

Dette bindet er helst også trakking i gamle spor, med Berggrav, Paal Berg og legio andre teologar og juristar o.l. i fokus. Etter omtalen og sentreringa omkring Berggravs person, ventar eg berre å møte han med englevenger i seinare bind. Sjølv oppfatta eg hans rolle annleis då han reiste rundt med tysk ropert i 1940.

Bind 4 sentrerer seg om året 1942. Detaljane og fakta er sjølv sagt korrekte nok, utvalet er eg mindre sikker på altid. Resultata av tyskarane sine terrorbombingar blir godt presentert både i tekst og bilde. Men det er liksom noko anna når venene våre, engelskmennene gjer det same. Som t.d. på side 81 der det heiter at «Aldri blir 4. oktober 1944 glemt... da nærpå 200 mennesker omkom. Hos 65 skolebarn ble livet blåst ut... En hel klasse, 5.g., ble utslettet». Ikkje eitt ord om kven som bles ut livet. Ikkje var det tyskarane. Då hadde det vore sagt i klartekst.

Eit anna spørsmål eg finn utilfredsstillande handsama er arrestasjonen av jødene. «Det var tyskerne som sto bak», får vi vite, «men Quisling – som selv var overbevist antisemitt – gjorde ikke noe forsøk på å redde de norske jødene». Elles får vi fint lite av fakta. Eg har lest Guro Nordahl-Osens bok «Krysning» nyleg, og kunne ha fleire tilleggsspørsmål å stille etter kapitlet om jødane i «Holdningskamp» som gir null og niks om kva som eigentleg hende. Men det får vere til eit anna høve.

★★★

Vår norske 9.april- og okkupasjonstidshistorie avdekkjer til no helst berre dei ytste lag av hendingane. Framleis, førti år etterpå, ser vi oss sjølv oppglorifiserte i etterkrigstradisjonens trollspegel. Alt når du ser kjempebildet på omslaget med titelen HOLDNINGSKAMP og med to jenter fotografert bakfrå i stort format med tekstan NED MED NS og H VII i beste grattistil målt eller spraya på ryggane deira. Kanskje er det er det eit historisk bilde tatt i folkeengda på Huk ein badesøndag sommaren 1940. Men det kan og ha vore tatt privat heime i hagen, fem mil tilfjells – og i tryggleik – som bildet av «en glad gjeng fra Hornnes i Setesdalen» på side 148/149, eller i Hollywood.

Einar Diesen er ikkje i tvil om kven som var best, skal ein tru bokmeldinga hans i Aftenposten 12. mai i år av HOLDNINGSKAMP. Og det skal ein vel. I alle fall både byrjar og sluttar han med å vise til Franklin D. Roosevelt «som i varm beundring og med sterkt begeistring i stemmen sa «Look to Norway».

Slik blir Norgeshistorien garantert eit knirkfritt forløp, og nasjonal sjølvtillit styrka. I allfall i Norge. Ikkje å undrast over at Roosevelt sit der nær Tordenskiold og Akershus festning og skoder utover Oslofjorden. Sjølvaste Churchill måtte vente i mange år på tilsvarende. Men spørsmålet er altso om ikkje desse krigsbökene gir ei glorifisert og skeiv verkelegheit – som igjen påverkar nye slekter i feil retning ?

Norge i krig, bind 4
Berit Nøkleby:
•Molstandskamp•
Aschehoug 1986